

**A Post**

NORGE P.P.



**Returadresse:**

Postpensjonistane i  
Sogn og Fjordane  
v/Kjell Vagstad  
Rivedalsvegen 50  
6982 Holmedal

**Medlemsblad for Postpensjonistane**

**I Sogn og Fjordane**

# Vestfylket

**Årgang 11. Juni 2024 Nr. 5**

## Gode Medlemmer!

Juni måned har starta med godt, gammalt Sunnfjordvær med mykje nedbør og store elvar, til glede for både bønder og fiskarar.

Trygdeoppgjeret for 2024 gav oss + 2,76 % frå 1.5. noko som skal verte +4,58 % for året. Ingen ting ekstra for minstepensjonistane noko som låg i kravet frå Pensjonistforbundet.

På seinsommaren er det tid for ny pensjonisttur, denne gongen med buss og 1 overnatting på **Stalheim hotell**. Nærmare om turen i dette nr av Vestfylket. Påmeldingsfrist innan 20.7.24. Inviter gjerne med deg tidligare kollegaer sjølv om dei ikkje er medlemmer enno.

God sommar til dåke alle, nyt denne fine årstida og så møtest me på bussen til **Stalheim 22.august** og til haustmøte på Jølster **25.oktober**.



Kjell Vagstad  
leiar

**NY TUR!!!** Nå vert du invitert på busstur til **STALHEIM HOTELL** og dagen etter til **AURLAND SKO**. Påmeldingsfrist er innan den **20 juli**.



Stalheim Hotell



Per Sivle bauta

Det vert buss frå Førde **22 august** kl 10:00.

Den vil ha avgang Skei 10:45, Sogndal 12:00,

Lærdal 12:50, Flåm etter lunsj kl 14:45 og

være framme ved hotellet ca kl 15:30.

Ved påmelding, meld fråom eventuelle allergier.

Dersom spørsmål, ta kontakt!

**Påmelding innan 20 juli til Hjalmar Fureli tlf/sms 90518477**



Aurland skoer

## INFO OM TUR TIL STALHEIM Hotell 22 - 23 august 2024

**Reiserute:** Frå Førde kl 10:00, Skei kl 10:45, Sogndal kl 12:00, Lærdal kl 12:50.

Lunsj Flåmsbrygga kl 13:45. Ankomst Stalheim hotell ca 15:30.

Gangavstand i frå hotellet vert det Guiding til Stalheim Folkemuseum, eit av Norges største i privat eige. Du kan og gå til bautasteinen om Per Sivle.

Middag vert kl 19:00.

**23 august kl 10:00** etter ein god frukost, vil vi reise frå dette flotte hotellet og besøke **AURLANDSSKOEN**. Her vil det være mogeleg å få omvisning, i tillegg kan vi besøke eit glasblåseri og Vangen kyrkje.

Etter dette vil neste stopp være på Strandsitjaren kafe & restaurant i Lærdal.

Her kan kvar enkelt kjøpe seg ei minestroneuppe, eplekake og kaffi.

Berekna ankomst Førde 23.08.24 ca kl 16:30.

**Pris pr person med 30 påmeldt Kr 2650.** Betaling skjer feks når de går ombord på bussen. PÅMELDING INNAN DEN 20 JULI 2024 til **90518477**

I denne prisen ligg:

- Buss, hotellovernatting med frukost og Guiding på museum og Aurlandssko.


**I tillegg spanderer Postpensjonistlaget Lunsj på Flåmsbrygga og middag på hotellet.** (Drikke må de betale sjølve)

**Til denne turen har vi sett 46 stk som maks deltakarar, så vær rask!!!**

## **MEIR INFO OM STALHEIM**

Gjestgivertradisjonene er lange og gode på Stalheim, med den spede begynnelse i 1647 da postruten mellom Oslo og Bergen ble åpnet og Stalheim ble en av de mange postgårdene langs ruten. I 1750 ble "gastgjevarstovo" – som nå står i museet på Stalheim tatt i bruk. Første hotellet med ca 20 senger ble åpnet i 1885, men allerede etter 10 år drift hadde hotellet fått ord på seg som et av våre fremste landhoteller og hadde ca 160 senger. Det er imponerende kulturhistoriske samlinger som er utstilt her på Stalheim men i tillegg drar vi tunge veksler på vår lange og spennende historie, på de nasjonalromantiske malerne, på forfatteren Per Sivle som var hjemme på her Stalheim

## Referat frå turen vi hadde til Kjenndalsbreen



Kjekk tur til Kjenndalsbreen for 31 personar.

Vi fikk god guiding og god informasjon om alle rasa som har gått i dette område. Det var likevel turen til breen var størst interesse å sjå.

Tusen takk til alle som møtte, det er alltid plass til fleire!!

Vi avslutta med ei nydeleg viltrett på Kjenndalsstova.



## Styret

### Leiar:

Kjell Vagstad, Rivedalsvegen 50  
6982 Holmedal. Mobil: 91791742  
E-post: [kjell@vagstad.org](mailto:kjell@vagstad.org)

### Nestleiar:

Venke Heggnes Linde  
Mobil 91739257

### Sekretær:

Åse Rosø  
Mobil 90978333

### Økonomiansvarleg

Anders Vosseteig  
Mobil: 91565504  
E-post: [anders.vosseteig@eninvest.net](mailto:anders.vosseteig@eninvest.net)

### Styremedlem:

Hjalmar Fureli,  
Mobil: 90518477  
E-post: [hjalmarfureli@gmail.com](mailto:hjalmarfureli@gmail.com)

### Leiar aktivitetsnemd:

Hjalmar Fureli  
Mobil: 90518477  
E-post: [hjalmarfureli@gmail.com](mailto:hjalmarfureli@gmail.com)

## Grasrotandelen

Grasrotandelen er ein del av det den einskilde tippar for (7%), som kan gå til lag og organisasjonar. Du kan støtte oss med å oppgi vårt **org.nr.994 563 106** neste gong du tippar.